



Fylkesmannen i Hordaland

Referanser:

Dykkar: Mildestveit, Marie

Vår: 17/1020 - 17/12019

Saksbehandlar:

Reidun Sæbdal

reidun.sebdal@lindas.kommune.no

Dato:

27.04.2017

Tilbakemelding etter retur av klagesak - Avslag på søknad om skjenkeløyve - Storstova Leiknes skule

Lindås kommune viser til retur av klagesak – avslag på søknad om skjenkeløyve – Storstova Leiknes skule, dykkar referanse 2017/4991 551.

Lindås kommune opprettheld avslaget på søknad om skjenkeløyve.

Grunngjeving:

Storstova Leiknes skule er fysisk knytta til Leiknes skule og vert definert som ein del av den kommunale skulen (jf. Alkoholpolitisk plan pkt 4.4).

I klagen er det vist til to andre fleirbrukshallar der det vert praktisert å gi løyve og at det ikkje er praktisert likebehandling i saka. Dei aktuelle hallane det er vist er frittliggjande hallar som ikkje er knytta til skulebygg. Desse hallane fell derfor ikkje inn under definisjon skulebygg i alkoholpolitisk plan pkt 4.4. og vert såleis ikkje likestilt med Storstova Leiknes skule.

Som det framgår av klagen er det rett at det ligg informasjon på heimesida til kommunen at det er mogeleg å søkje arrangement med ambulerande skjenkeløyve i fleirbrukshallane. Det er alkoholpolitisk plan for Lindås kommune som er overordna og som vert lagt til grunn i vurderinga av søknader om skjenkeløyve.

Med helsing

Reidun Sæbdal
einingsleiar

Post

postmottak@lindas.kommune.no

Dokumentsenteret

Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no

Telefon +47 56 37 50 00

Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311

Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Inger Helen Midtgård

Leknesvegen 213 5915

HJELMÅS